

Fra: JotForm <noreply@jotform.com>
Sendt: 26. januar 2017 16:58
Til: Kjosås, Reidun Braut
Emne: Re: Innspel til kommundelplan for fysisk aktivite, idrett og friluftsliv i Kvam herad 2017- 2027

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

 **Innspel til kommundelplan for fysisk aktivite, idrett og friluftsliv i Kvam herad 2017- 2027**

Namn	Rune Vik
På vegne av:	Organisasjon (lag, forening, utval)
Dersom på vegne av nokon andre, kven?	Øystese idrettslag (ØIL)
Telefon	97108252
Epost	post@oysteseidrettslag.no
Kva anlegg ønskjer du å melda inn (nye og/eller rehabilitering av eksisterande)?	Basistreningshall inkl. lags-/klubblokale og lager til utstyr
Kor bør eit slik anlegg plasserast, og kvifor bør det plasserast her?	Plasserast i tilknytning til Øystesehallen og Øystese idrettsplass. Ved framtidig utbygging av ny fotballbane/idrettsanlegg i Busdalen, bør eige idretts-/lagshus knytast til anlegget etter mønster frå t.d. Strandebarm, Norheimsund og Ålvik.
Kva er målgruppa for anlegget?	*Basishall – målgruppe: Barn og unge i alderen 6-19 år, aktivitetar organisert gjennom skule og idrettslag/klubbar. I eit folkehelseperspektiv står basistrening svært sentralt også for vaksne/eldre. *Klubblokale og lager – målgruppe: Idrettslag og klubbar som organiserer aktivitet, og andre brukargrupper knytt til organisert idrett.
Kvifor er det behov for eit slikt anlegg i Kvam?	*Behov basishall: Basistrening er grunnleggjande for all idrettsaktivitet både innan lagidrettar og

individuellere idrettar. Innlæring skjer gjennom øvingar knytt til styrke, ballanse, spenst m.v. Idrettsfritidsordningar, gymnastikk i skulen, treningar i regi av frivillige lag og organisasjonar er arenaer for å drive med basistrening. Basishallfasilitetar finst verken i Øystese eller i Kvam.

*Behov lags-/klubblokale og utstyrlager: Idrettslag/klubbar i Øystese har verken klubblokale eller lager som er tenleg. Øystese idrettslag (ØIL) med fotballgruppa har nytta leigde lokale i samfunnshuset Holmatun. Situasjonen er no endra sidan Holmatun er overteke av private eigarar/aksjeselskap. Leiga held fram, men truleg med heilt andre råmer som i mindre grad er tenleg for ØIL og fotballgruppa. Behovet for eigna klubblokale og klimaregulert lager for utstyr, er både på kort og lang sikt stort.

Kva kan Kvam herad gjera for å tilretteleggja for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv?

- Gjennomføre reguleringsmessige grep i samarbeid med idretten, for å leggje til rette for idrettsanleggsinfrastruktur det er bruk for.
- Bistå med prosjektkompetanse i planlegging av idrettsanlegg.
- Bistå med å synleggjere korleis finansiere nye anlegg.
- Oppretthalde tilskotsordningar til frivillige lag og organisasjonar.
- Prioritere aktivitet for barn og ungdom, både med omsyn til treningstider og gratis hallbruk.

Har du/de tankar om "målgrupper" som bør prioriterast med omsyn til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv?

Barn og ungdom bør prioriterast, med spesielt fokus på dei som av fleire grunnar fell ut av organisert aktivitet.

Har du/de andre innspel som de ønskjer vert teke med i det vidare planarbeidet omkring fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv?

I eit folkehelseperspektiv er "eldre" ei viktig og stor gruppe. Kva tilbod kan gjevast og tilpassast i forhold til funksjonsevne, alder og livssituasjon. Tiltak for å stimulere til aktivitet, lågterskeltilbod, m.v.

